

Grunneigarane på Krossøy – gnr. 164  
v/ Mikal Krossøy, Krossøyvegen 488, 5943 Austrheim

Krossøy, 11. juni 2016

Austrheim kommune,  
5943 Austrheim

### MERKNAD TIL KOMMUNEPLANEN 2015-2027

Me viser til vårt innspel dagsett 28. mars 2014 (Innspel 54).

I framlegget til arealplan er ikkje vårt innspel om byggefelt og naustområde ved Krossøysundet med. Derimot er det plassert eit LNF-område med hove til spreidd bustadbygging i området nord for hamna på vestsida.

Me godtek denne plasseringa av bustadbygging.

Vår tanke med byggjefelt er ønskje om meir fast busetnad på Krossøy. Med berre 5 fastbuande ønskjer me fleire nabobar. Me tenkjer oss 3-5 tomter. Dersom me skal tilby tomter for fastbuande, så må desse få tilgang til sjø.

Me ser tilgang til sjø som heilt avgjerande for å tilby tomter for fast busetnad!

I eksisterande hamner er det ikkje rom for nye brukarar. I hamna på vestsida har grunneigarane kvart sitt stykke på nordsida. Ein fastbuande disponerer resten. På sørsida er det ei flytebrygge med 12 plassar som alle er opptekne. I tillegg er det fiskerihamn og offentleg kai.

I vårt framlegg (28.03.14) har me teikna inn plass for båtar og naust. Dette er ein gammal båtplass. Det er ikkje badeplass, og lite brukt som fiskeplass. Me meiner at dette er den mest aktuelle båtplassen, kanskje den einaste som kan leggjast til rette med akseptabel kostnad. Me kan heller ikkje sjå at båtplass og naust vil ha negativ verknad på landskapet og tilkomsten til Krossøy.

Båt- og naustområdet må takast inn att i planen med areal til bilveg frå kommunevegen!

Anne-Karin Korsøen / J.G. Korsøen  
Anne-Karin Korsøen/Jan Gunnar Korsøen  
bnr. 1

Jan Helge Krossøy  
bnr. 5

Bernt Korsøen  
Bernt Korsøen  
bnr. 4

Mikal Krossøy  
Mikal Krossøy  
bnr. 7